

Fråsegner vedtatt av landsmøtet i Noregs Ungdomslag 7.-8. mai 2011
(utdrag som innspel til NOU 2011: 20 Ungdom, makt og medvirkning)

Ungdom – ein aktiv part i samfunnet!

Noreg er eit demokratisk samfunn og det er ingen grunn til at ungdom ikkje skal ha moglegheit til å vere med og bestemme.

Det er viktig at ungdom får sagt si meining og ha røysterett i sakar som vedkjem dei. Eit kommunalt eller fylkeskommunalt ungdomsråd bør fungere som eit talerøyr for ungdom i sitt nærmiljø. Dei bør i samråd med andre utval, tilsette og politikarar, ha ansvar for oppgåver som dei har kunnskap om og erfaring med. Eit ungdomsråd bør òg ha rett til å uttale seg når det skal bli teke avgjerder i saker som påverkar dei direkte. Døme på saker eit ungdomsråd bør arbeide med er tildeling av midlar til ungdomsretta tiltak, ungdomsklubbarbeid, kulturskuletilbod og andre fritidstilbod i kommunen, og sommararbeid for ungdom.

Eit ungdomsråd bør setjast saman av ungdom frå skulane, kulturskulen, idrettslaget og ikkje-kommunalt drivne fritidstilbod i kommunen. Mange kommunar og fylkeskommunar har godt fungerande ungdomsråd. Noregs Ungdomslag vil at samtlege kommunar og fylkeskommunar skal ha godt fungerande ungdomsråd.

Noregs Ungdomslag krev gratis øvingslokale

Ei av tilskippingane som lokkar mange unge vaksne i Noregs Ungdomslag er helgeamlingar med kurs i folkedans og teater. Samlingane er organisert gjennom ungdomsringar, og vert heldt regionsvis. Målgruppa er ungdom mellom 14 og 26 år. Kursa vert meldt inn som vaksenopplæring og får opplæringsmidlar gjennom Folkekulturforbundet.

Samlingane skal vere eit rimeleg, men kvalitetssikkert tilbod. Dei vert halde på stader som krev lita eller inga leige, slik som skular. Det vert leigd inn dyktige instruktørar til å halde kursa.

Nokre kommunar er svært positive til desse tilskippingane og låner ut gratis lokale. Dessverre erfarer mange av ungdomsringane at det er vanskeleg å finne kurslokale, og dei ber om hjelp frå sentralt hald i Noregs Ungdomslag. Det er viktig at samlingane rullerar på kvar dei finn stad, slik at flest mogleg kan delta.

I gjeldande lover og forskrifter finn ein paragrafar Noregs Ungdomslag ynskjer at skal brukast til ungdomsringane sin fordel, ikkje som ein stoppar for aktiviteten og ein frustrasjon for arrangørane.

”Lov om offentlege styremakters ansvar for kulturverksemd” (kulturlova)

§ 4. Fylkeskommunens og kommunens oppgåver

Fylkeskommunen og kommunen skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt.

”Lov om vaksenopplæring” (vaksenopplæringslova) seier:

§ 7. Gratis bruk av undervisningslokaler

Undervisningslokaler der driftsutgiftene dekkes av det offentlige, skal etter søknad stilles vederlagsfritt til disposisjon for studieforbund og medlemsorganisasjoner ved avholdelse av kurs med tilskudd etter kapittel 2 i loven. Departementet gir nærmere forskrifter.

I tillegg les ein i Forskrift om studieforbund og nettskoler at:

§ 10. Gratis bruk av offentlige undervisningslokaler

Når det avholdes kurs med tilskudd etter kapittel 2 i forskriften, skal arrangøren ikke belastes utgifter vedrørende lokaler, lys, varme, renhold, tilsyn og bruk av utstyr i lokalene. Første punktum gjelder kurs som avholdes på hverdager i undervisningsåret, undervisningsferier unntatt, og ikke varer lenger enn til kl. 21.00. For utlån ut over dette må det treffes særskilt avtale med lokaleier.

Landsmøtet til Noregs Ungdomslag meiner at alle kommunar bør kunne sjå bort ifrå punktet om dagar og tid på døgnet og heller tolke siste setning slik at ein kan tilby gratis utlån av lokalar til positive, miljøskapande og kulturfremjande tilskipingar i regi av ungdomsringane og andre. Vil dykk leggje til rette eller gjere ting vanskeleg?